
Emne: Re: Høring om forslag til rettskrivningsendringer

Til: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Sendt: 04.03.2024 13:57:26

Fra: Jon Fosse <jfosse@mac.com>

Merkander til framlegg om endring av rettskriving

– Av omyn til stabiliteten er eg imot dei fleste endringane i genusnormeringa av substantiv, med unnatak av dei orda der det er mitt inntrykk at faktisk bruk i stor mon skil seg frå noverande normering, dette gjeld *jippo* på nynorsk, som bør vera hannkjønn, og truleg *låt* på bokmål, der nok hokjønn er mykje brukt.

Der ulike genus har ulik tyding bør det vera som no.

– Bruken tilseier at *raster* bør ha inkjekjønn.

– Grunnen til at eg i det heile sender inn mine merknader er framlegget om å ta *koss* inn i norma. I høve til *korleis* er dette svært lite brukt, så både omsynet til bruk og til stabilitet – og til nynorsk identitet – tilseier at *korleis* bør vera eineform. (Å ta *koss* inn i norma er om lag like meiningslaust som det i si tid var å ta pronomenet *dokker* inn i norma – er det ikkje så lite brukt at det er på tide å ta det ut?)

Jon Fosse

4. mar. 2024 kl. 12:40 skrev Språkrådet <post@sprakradet.no>:

Språkrådet

Høring om forslag til rettskrivningsendringer

4. april 2024